

A close-up photograph of a person's hands cupped together, holding a small, vibrant green plant with several leaves and a mound of dark, rich soil. The background is a soft-focus natural setting with green foliage. The image is partially overlaid by a green banner at the top and bottom, and a white decorative shape on the right side.

# Ungdommens Bærekraftsplan

**Kva kan vi gjere for å nå berekraftsmåla?**

- Ungdomspanelet si oppfordring til ungdommar og politikarar i Møre og Romsdal

# Innhald

Bakgrunn .....	3
Utrydde fattigdom .....	4
Utrydde svolt .....	5
God helse og livskvalitet .....	6
God utdanning .....	7
Likestilling mellom kjønna .....	8
Reint vatn og gode sanitærforhold .....	9
Rein energi til alle .....	10
Anstendig arbeid og økonomisk vekst .....	11
Industri, innovasjon og infrastruktur .....	12
Mindre ulikskap .....	13
Bærekraftige byar og lokalsamfunn .....	14
Ansvarleg forbruk og produksjon .....	15
Stoppe klimaendringane .....	16
Livet i havet .....	17
Livet på land .....	18
Fred, rettferd og velfungerande institusjonar .....	19
Samarbeid for å nå måla .....	20



# Bakgrunn

På Ungdommens fylkesting 6. november 2020 vart det gjort følgjande samrøystes vedtak:

«Ungdommens fylkesting gir ungdomspanelet fullmakt til å arbeide vidare med ungdommens miljøkrav det neste året, med mål om at Møre og Romsdal fylkeskommune fastsett og implementerer «ungdommens berekraftsmål». Dette som ei oppfølging av «UFT 11/20 Oppsummering ungdommens miljøkrav 2015 – 2020».

Ungdomspanelet (UP) har 2021 jobba fram Ungdommens berekraftsplan. Vi ønsker å gjere det enklare for ungdommar å forstå dei 17 berekraftsmåla og har difor kome med konkrete forslag til kva vi som enkeltpersonar kan gjere, samt konkrete forslag på kva politikarane kan gjere for å vere meir berekraftige. Forslaga vi har laga er på ingen måte uttømmmande, det er berekraftsmåla for omfattande for. Vi har i staden valt å trekke fram dei områda vi meiner er aller viktigast for ungdom i Møre og Romsdal i dag. Sidan berekraftsmåla heng saman, er det viktig å rette merksemd mot alle måla og samarbeide på tvers for å gjere ein innsats for eit meir berekraftig samfunn

Nokre av forslaga UP har til politikarane er å oppmuntre til samkøying, forbetre sanitærforholda på skolane og stille større krav til leverandørar om å vere miljøvennlege og sikre grøn og berekraftig økonomisk vekst. Ungdommane meiner politikarane må ta ansvar og samarbeide der dei kan.

UP utfordrar ungdom til å ta kortare dusjar, ikkje lade mobilen om natta, kjøpe brukt og dele, samt reparere ting som ikkje fungerer i staden for stadig kjøpe nytt og kaste det gamle.

UP ynskjer med dette at alle forstår at kvar og ein av oss må gjere ein innsats for at samfunnet vi lever i skal vere godt for alle, og at jorda vi lever på skal bli behandla betre.



**1** UTRYDDE  
FATTIGDOM



# Utrydde fattigdom

Mange ungdommar fell utanfor det sosiale fellesskapet på grunn av økonomiske forskjellar. Dette går ut over ungdomane si fysiske og psykiske helse, det førar til dårlegare integrering og meir utanforskap.

## For å førebyggje dette bør DU:

- Anerkjenne at fattigdom i Noreg er eit problem
- Vere meir økonomisk inkluderande i russetida
- Spørje korleis venane dine har det
- Vere open om eigen økonomisk situasjon med andre. Fjern tabu

## For å førebyggje dette bør politikarar:

- Introdusere fleire støtteordningar for ungdom til fritidsaktivitetar
- Passe på at det er nok arbeidsplassar og at folk er i arbeid





2 UTRYDDE  
SVOLT



## Utrydde svolt

Ikkje alle føresette “har tida” til å lage regelmessig og skikkeleg mat. Mangel på kunnskap om mat og matlaging kan gi mange ungdommar fysiske og psykiske problem.

### For å førebyggje dette bør DU:

- Tenkje over kvar maten du et kjem ifrå
- Lage mat saman med vener
- Unngå å kjøpe usunn mat kvart friminutt
- Ete meir frukt som alternativ til godteri

### For å førebyggje dette bør politikarar:

- Introdusere gratis frukost og/eller lunsj på alle skular
- Oppfordre og utdanne foreldre til å ha fokus på kosthald



**3** GOD HELSE OG  
LIVSKVALITET



## God helse og livskvalitet

Kvar dag blir vi eksponert for innhald på sosiale media som gjer at vi samanliknar oss med andre. Vi blir veldig påverka av dette, og det vil før eller seinare ha noko å seie livskvaliteten.

### For å førebyggje dette bør DU:

- Snakke opent om ditt forhold til sosiale media
- Smile
- Tenkje over kva inntrykk du gir andre om deg sjølv på nett

### For å førebyggje dette bør politikarar:

- Forbetre det psykiske helsetilbodet over heile landet
- Vere meir obs på korleis sosiale medium påverkar samfunnet og ta nødvendige grep





**4** GOD  
UTDANNING



# God utdanning

På grunn av ei konstant utvikling av arbeidsmarknaden har det blitt vanskelegare å velge VGS. Dette førar til at fleire vel meir generelle linjer i staden for ein meir spesialisert utdanning.

## For å førebyggje dette bør DU:

- Snakke med rådgjevaren din om mange ulike utdanningsløp
- Tenk på kva jobbar som trengs i framtida

## For å førebyggje dette bør politikarar:

- Sørgje for at elevar har betre informasjon om forskjellige utdanningar
- Sørgje for at rådgjevarar har elevens interesse i fokus, og ikkje karakterane
- Satse på ein meir framtidretta skule



**5** LIKESTILLING  
MELLOM KJØNNA



# Likestilling mellom kjønn

At nokre framleis ikkje aksepterar kjønnsidentiteten til andre i 2021 er for dårleg. I arbeidslivet er det stereotypiske kjønnsbestemte roller og i idretten blir ressursar fordelt ulikt. Ein haldningsendring må difor til i mange delar av samfunnet.

## For å førebyggje dette bør DU:

- Vere bevisst over eigen ordbruk
- Gjere andre oppmerksom på eigne grenser, og respektere andre sine grenser

## For å førebyggje dette bør politikarar:

- Fordele pengar og ressursar likt til herre- og kvinneidrett
- Tilrettelegge skulesystemet for alle kjønn
- Jobbe mot stereotypiar i arbeidslivet



## 6 REINT VATN OG GODE SANITÆRFORHOLD



# Reint vatn og gode **sanitærforhold**

Vi brukar mykje vatn, spesielt på badet når vi dusjar og når pussar tenner. Samstundes er gamle vassrøyr for dårlege og sanitærforholda på mange skular ikkje gode nok.

### For å førebyggje dette bør DU:

- Bruke mindre tid i dusjen og på badet
- Reingjer meir økonomisk (ikkje sett på halvfulle vaskemaskiner/oppvaskmaskiner)
- Vere bevisst på vassbruk om sommaren

### For å førebyggje dette bør politikarar:

- Forbetre vassrøyr
- Forbetre sanitærforhold på skular



**7** REIN ENERGI  
TIL ALLE

# Rein energi **til alle**

Lysa står på heile sommaren og vi køyrar bil med airconditionen på og vindauga nede. Dette mens folk i delar av verda ikkje kan bruke vaskemaskin eingong. For at verda skal gå rundt må straumforbruken ned og teknologien bli grønare.

## **For å førebyggje dette bør DU:**

- Skru av lys i rom du ikkje er i
- Ikkje lade mobiltelefonen på natta
- Slette epostar du ikkje treng
- Ta vare på mobilen din og anna elektronikk

## **For å førebyggje dette bør politikarar:**

- Gjere det billigare å kjøpe solcellepanel og andre grønne energi-alternativ
- Oppmuntre til samkøyring
- Nytte grøn energi i offentlege bygg



**8 ANSTENDIG ARBEID  
OG ØKONOMISK  
VEKST**



# Anstendig arbeid og økonomisk vekst

Arbeidsmarknaden utviklar seg konstant, og det blir alltid nye jobbar. Framtidas jobbmarknad er uviss, og ein bachelor betyr ikkje like mykje når alle har ein. Er løysinga verkeleg meir utdanning for alle?

## For å førebyggje dette bør DU:

- Støtte andre sine draumar og karrierevalg
- Framsnakke yrkesfag

## For å førebyggje dette bør politikarar:

- Legge til rette for nok lærlingplassar
- Arbeide for å spisse, ikkje auke, akademiske krav for arbeid (og studiar)
- Satse på grøn og bærekraftig økonomisk vekst





9

INDUSTRI,  
INNOVASJON OG  
INFRASTRUKTUR



# Industri, innovasjon og infrastruktur

By og land blir smartare og teknologien utviklar seg i eit høgt tempo. Dersom denne teknologien blir misbrukt kan det få store konsekvensar for framtidig utvikling. Vi veks tettare på ein annan, men dei geografiske avtandane forblir store.

## For å førebyggje dette bør DU:


- Nytte kollektivtilbod, samt arrangere samkøyring
- Ta ein sjans: ikkje ver redd for å satse på ideen din.

## For å førebyggje dette bør politikarar:

- Gjere kollektivtilbod billigare
- Auke kapital til gründerar
- Ha berekraft som eit kriterie i anbodsprosessen
- Legge til rette for samarbeid mellom det offentlege og det private



10 MINDRE  
ULIKSKAP



## Mindre ulikskap

No i den digitale tidsalderen kjenner mange det på kroppen når ein ikkje ha dei kule skoa eller den nyaste mobiltelefonen. Det blir meir og meir vanskeleg å vere seg sjølv og utforske livet.

### For å førebyggje dette bør DU:

- Dele ting med venane dine, forhindre kjøpepress
- Dele kunnskap om diskriminering og ulikskap i samfunnet
- Gjere fleire sosiale ting som ikkje krev pengar

### For å førebyggje dette bør politikarar:

- Styrke gratis utdanningsmoglegheit
- Ha god og inkluderande skattefordeling
- Gi støtte til lågterskeltilbod for ungdom
- Arbeide aktivt mot diskriminering i samfunnet



## 11 BEREKRAFTIGE BYAR OG LOKALSAMFUNN



# Bærekraftige byar og lokalsamfunn

I dag tek vi ofte plassen vi bur på, eller naturen kringom oss for gitt. Det finst gode ting i alle byar og bygder som vi bør verdsette meir og som vi bør ta betre vare på.

### For å førebyggje dette bør DU:

- Bruke miljøvennleg transport
- Vere bevisst på eige klimaavtrykk
- Leite etter lokale tilbod og aktivitetar

### For å førebyggje dette bør politikarar:

- Kome med tiltak for å redusere utslepp i dei store byane
- Forbetre avfallshandtering
- Opprette fleire og betre grøntområde i byane
- Verne kultur- og naturarv





12 ANSVARLEG  
FORBRUK OG  
PRODUKSJON



# Ansvarleg forbruk og produksjon

Bruk og kast har blitt den nye normalen. Dei store selskapa lagar produkt som er meint til å bli byttast ut regelmessig. For eit meir ansvarleg forbruk bør denne trenden endrast!

## For å førebyggje dette bør DU:

- Kjøpe brukt i staden for nytt
- Kjøpe ting som varar lenge
- Vere bevisst på kva selskap ein kjøper fra

## For å førebyggje dette bør politikarar:

- Legge til rette for materialgjennvinning og sirkulærøkonomi
- Gjere det enkelt å velje berekraft
- Sikre effektiv bruk av naturressursar
- Legge til rette for utvikling av nye, smarte produksjonsmønstre
- Sikre rett til sjølvreparasjon (og andre tiltak for å betre levelengda til produkt)



**13** STOPPE  
KLIMAENDRINGANE



# Stoppe klimaendringane

Naturkatastrofar kjem oftare over heile kloda, tørkeperiodar varar lengre enn før og varmerekordar blir stadig høgare. Dette gjer at mellom anna bålforbudet må vare lengre og vassbruken må begrensa. Har vi mista trua på at vi kan redde kloden?

## For å førebyggje dette bør DU:


- Velge grøn transport
- Sette krav til myndigheitene
- Fikse øydelagde ting. IKKJE KAST!

## For å førebyggje dette bør politikarar:

- Gjere det enkelt, lønnsamt og attraktivt å velge miljøvenleg
- Fokusere på fornybar energi som f.eks vasskraft
- Sette krav til selskap om å vere miljøvenlege



14 LIVET I HAVET



# Livet i havet

Noreg er eit land som er avhengig av fiskeri- og kystnæringa. Samtidig lar vi øydelagde teiner ligge på havbotnen saman med anna plast vi hiv i havet. Det er no vi velg om livet i havet skal bevarast eller dumpast med resten av avfallet vårt.

## For å førebyggje dette bør DU:

- Arrangere strandrydding (eller delta)
- Bruke færre produkt med mikroplast
- Begrense eigen bruk av eingongsartiklar

## For å førebyggje dette bør politikarar:

- Gje økonomiske tilskot til dei som arrangerar strandrydding
- Straffe dei som dumpar avfall i havet strengare
- Verne fleire maritime område
- Styrke og satse på ny maritim kunnskap og teknologi





15 LIVET PÅ  
LAND



## Livet på land

Naturen i Noreg har blitt eit kjennemerke verda over, men kva skal vi seie når turistane må plukke med seg tomme snusbokser frå stien når dei er på tur? Vi har rett og slett gløymt å ta vare på naturen og mangfaldet av dyreliv vi har på land.

### For å førebyggje dette bør DU:

- Ta hensyn til naturen kring deg: søppel skal ikkje i naturen!
- Rydde når du går på tur

### For å førebyggje dette bør politikarar:

- Straffe dumping av avfall i naturen strengare
- Verne fleire naturområde



# Fred, rettferd og **velfungerande institusjonar**

Sjølv om vi føler oss trygge her i Noreg, er det ikkje alle som føler seg like trygge over alt. Vi høyrer stadig om valdshendingar, overgrep både fysisk og på nett, og om hatgrupper som har mobilisert seg. Er det mogleg å oppnå fred?

## **For å førebyggje dette bør DU:**

- Stemme!
- Seie tydelig ifrå om grensene dine

## **For å førebyggje dette bør politikarar:**

- Fremme kunnskap om folk sine grenser og overgrep
- Sørge for eit ope samfunn





**17** SAMARBEID  
FOR Å NÅ MÅLA



# Samarbeid **for å nå måla**

Om det var opp til kvar enkelt å nå måla hadde det blitt vanskeleg å oppnå noko som helst. For å nå måla må alle samarbeide, både lokalt, regionalt, nasjonalt og globalt.

## **For å førebyggje dette bør DU:**

- Spreie ordet om ungdommens berekraftsplan!
- Vere bevisst ditt eige og vårt ansvar når det gjeld FN sine berekraftsmål

## **For å førebyggje dette bør politikarar:**

- Sørgje for reell ungdomsmedverknad
- Samarbeide tett MED andre parti, ikkje MOT dei



